

## **Tabell A-fk**

### **Utgiftsutjamning, fylkeskommunane**

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den ein skilde fylkeskommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2016, og er dei endelege tala for omfordeling i utgiftsutjamninga i 2017.

### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

### **Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2017 er på landsbasis berekna til om lag 56,9 mrd. kroner, som utgjer 10 870 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune, og vist i kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1000 kr)**

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2016 (tabell E-fk, kol. 2).

### **Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular**

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiingsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2015 og 1. april 2016 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2017:	
Vanleg undervisning	107 700
Gartner- og landbruksskular	133 100
Spesialskular	287 300
Opphald	303 500

Treksatsane for elevar statlege og private skular er prisjusterte tilbake frå og med 2011 med den kommunale prisveksten (TBU-deflator).

### **Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einssilde fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

### **Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

### **Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.